

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 26.04.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Med bakgrunn i Stortinget sitt vernevedtak for Lonevassdraget, Klimaplan for Hordaland sine mål og strategiar for miljø og naturmangfald og Fylkesdelplan for små vasskraftverk sine retningsliner for landskap, biologisk mangfald, fisk og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune frå søknad om å byggja Gjerstadvossen kraftverk. Hordaland fylkeskommune vurderer konfliktpotensialet for prosjektet som høgt og søknaden stettar ikkje krava i fylkesdelplanen om særleg grundig omtale av verknader for verneverdiane i Loneelvi.
2. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til konsesjonssøknad for Gjerstadvossen kraftverk på grunnlag av konflikt med automatisk freda kulturminne Id 45496 og kulturmiljø av høg kulturhistorisk verdi. For at motsegn kan trekkjast må planforslaget ta omsyn til dei nasjonale og høge regionale kulturminneverdiane og vassvegen leggjast i tunnel.